

ÅRSMELDING 2014 - MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE SENTER AS

2014 var igjen eit år med høg aktivitet med omvisingar, utstillingar, intimkonsertar, amfitimen, sommarstemne, geologiseminar, opplevingsdagar, selskap, møter, bedriftsbesøk etc. Tora Mostrastongseminaret, Grunnlovsjubileumsfeiring for Sunnhordland og Pinsegudsteneste vart avvikla i pinsehelga. I juli var det lansering av Kystpilegrimsseilasen og i august var det musikalen West Side Story som stod i fokus. Det er ein liten auke i årsomsetninga samanlikna med 2013.

Styret

Selskapet har hatt følgjande styre:

| | | |
|-----------|---------------------------|-------------------------------|
| Leiar | Svein Arne Theodorsen | repr. Den Norske Kyrkja |
| | Aksel Lygre | vararepresentant |
| Nestleiar | Gro Jensen Gjerde | frie |
| | Grethe Sivertsen | vararepresentant |
| Medlem | Ola Erslund | repr. Bømlo Kommune |
| | Anne Britt Grindheim | vararepresentant |
| | Elisabeth Eide Tharaldsen | repr. Hordaland Fylkeskommune |
| | Odd Vegard Paulsen | vararepresentant |
| | Solfrid S. Stavland | frie |
| | Robert Halleraker | vararepresentant |

Odd Vegard Paulsen søkte fritak frå sitt styreverv og vart i mai erstatta av Stig Louis Myklevold.

Styremøte

Styret har hatt 7 styremøte i 2014 og samarbeidet i styret har vore godt. Det føreligg underteikna referat frå alle styremøta.



Unge «arkeologar» i full konsentrasjon.

«Steinriket Bømlo»

Bergverksutstillinga «Steinriket Bømlo» vart offisielt opna i samband med Mostraspelet i 2011.

Utstillinga er eit flott supplement i tilbudet vårt og har blitt godt motteke av publikum.

I aktivitetsområdet **Mostratunet** har barn og unge også dette året delteke i aktivitetar som bogeskyting, steinsliping, matlaging på steinaldervis og i tillegg fått kunnskap om reiskap i steinalderen og arkeologisk utgraving gjennom tilbudet «Steinrike dagar i Moster Amfi».

Det tredje «Steinriket Bømlo»-seminaret vart avvikla 5. og 6. april med 28 deltakarar. Førelasarar var geolog John Inge Svendsen (UiB), geolog Øystein James Jansen (UiB), arkeolog Knut Andreas Bergsvik og arkitekt Bjørn Arve Lunde (Shl. museum). Tema var «Steinalderhellerne i Hardanger- Bømlingenes sommerhus», «Arven frå Sokkamyro på Langevåg», «Steinriket Bømlo- noen glimt frå hvordan rikdommen ble til» og «Kalk øve alt- om kalkbrenning i Sunnhordland». Søndag gjekk turen til Bergesfjellet. I august vart det arrangert tur til Bergen «I bømlosteinens fotspor» med Øystein J. Jansen som engasjert guide. Det var 30 deltakarar med på turen.



På Bergesfjellet 6. april 2014

Aktivitetar 2014

Totalt vart det registrert ca. 20 000 besøkjande fordelt på alle typar arrangement.

Omvising

2195 pers. løyste billett og deltok på omvising som omfattar Moster gamle kyrkje, utstillinga "Frå heidendom til kristendom" og bergverksutstillinga "Steinriket Bømlo". Utstillingane er kjernen i anlegget, og styret ynskjer enno meir fokus på denne delen av tilbodet. Biletspelet "1000 år - Ei messe" vart digitalisert i 2013 og er igjen tilgjengeleg for publikum. Arbeidet vart delvis finansiert med sponsormidlar og siste sponsor var på plass våren 2014.

Mostraspelet

For første gong sidan 1984 vart ikkje Mostraspelet «Kristkongane på Moster» framført. Neste Mostraspel blir i 2015 og i 2016 vil det nye Mostraspelet, som Svein Tindberg skriv manus til, ha premiere.

Utstillingar

Det vart arrangert 10 kunstutstillingar:

| | | |
|-------------|---|--------------------------------|
| 01.02-16.02 | - Bømlo kulturskule | Elevarbeid |
| 22.02-09.03 | - Moster skule | Elevarbeid |
| 22.03-04.05 | - Edith Odden/Kjell Grindeland | Biletkunst |
| 14.05-01.06 | - Chimz | Wireart |
| 04.06-22.06 | - Kent Eikeland | Foto |
| 06.06-07.06 | - Anneli Belsvik Aras/Maria Malmsten/Magdalena from Delis | «halmaR» Keramikk/dans/sang |
| 28.06-17.08 | - Irene Grasdal - Sommarutstilling | Biletkunst |
| 23.08-28.09 | - Jan Willy Folgerø-Holm - Kystsogevekeutstilling | Biletkunst |
| 04.10-02.11 | - Kollektivutstilling Roald Tellnes/Vidar Bratlund Mæland Johanna Seim Hjelland/Johannes Hjelland | Biletkunst/Skulptur |
| 08.11-14.12 | - Bjørg Thorhallsdottir - Juleutstilling | Grafikk |

Amfitimen

Det vart avvikla 4 amfitimar:

| | | |
|-------|-------------------------------------|---------------------|
| 16.03 | - Nina Sele | Barnas Amfitime |
| 06.04 | - Stordkoret | "Syng våren inn!" |
| 24.10 | - Moster Amfi/Bømlo vaksenopplæring | Internasjonal kveld |
| 09.11 | - Kristine Nilsen Oma | «Far, far away» |

Å arrangere «Internasjonal kveld» i høve FN dagen er blitt ein fin tradisjon. Elevar ved Bømlo vaksenopplæring, frå mange land, deltok som vanleg med utstilling, song/musikk og matrettar. Det var og informasjon om FN Sambandet og kulturinnslag med deltakarar frå Eritrea og Etiopia.

Intimkonsertar

| | | |
|-------|-------------------------------------|--------------|
| 23.02 | - Eirin Spilde | Intimkonsert |
| 23.03 | - Nordic Tenors | Intimkonsert |
| 29.06 | - Hanne Bergheim/Ragnar B. Haug | Intimkonsert |
| 21.09 | - Ketil Bjørnstad | Intimkonsert |
| 02.11 | - Bøen/Fiskaaen Duo | Intimkonsert |
| 23.11 | - Camilla Hallaråker/Helge Anglevik | Julekonsert |

Den gode akustikken og trolske stemninga i salen, forsterkar musikkopplevinga for publikum og musikarane set stor pris på å opptre her. Intimkonsertserien vart som vanleg gjennomført med sponsormidlar frå næringslivet i regionen, men for første gong utan støtte frå Bømlo Kommune.

Andre arrangement

| | | |
|-------------|--|-----------|
| 01.02-16.02 | - Kulturskuledagar i Moster Amfi (samarbeid med Bømlo kulturskule) | |
| 27.04 | - Open dag m/pilegrimsvandring (samarbeid med Moster Grendautval) | |
| 17.05 | - Familiegudsteneste | Uteamfiet |
| 25.05 | - Sommarstemne - Indremisjonssamskipnaden | Uteamfiet |
| 07.06-08.06 | - «Pinse 2014» Tora Mostrastongseminar/Grunnlovsjubileumsfeiring/Pinsegudsteneste | Uteamfiet |
| 23.07 | - Kystpilegrimsleia - Lanseringsarrangement Moster | Uteamfiet |
| 06.08-17.08 | - West Side Story | |
| 20.10-21.10 | - DKS - "Opplivingsdagar i Moster Amfi" (samarbeid med Bømlo Kommune og Shl. Museum) | |
| 08.12 | - Julekafé/julemarknad/juleverkstad og julegrantenning på kyrkjestølen (Arr.: Moster Amfi, Moster Grendautval, Kyrkja og Gruveprosjektet i Austre Mosterhamn) | |



Open dag med pilegrimsvandring gjennom kulturløypa til Moster gamle kyrkje, vart arrangert i strålende vær. 55 deltakarar var med på turen.

Spesielle gjester denne dagen var ein delegasjon frå Comalapa, Guatemala som var på besøk hos vennskapskommunen Stord.

Kystpilegrimsleia

I juli var det lanseringsseilas for Kystpilegrimsleia.

23. juli gjorde Kystpilegrimsseilasen strandhogg på Moster. Det var Offisiell mottaking i Miniarnfiet og omvising i Moster gamle kyrkje og utstillingane «Frå heidendom til Kristendom» og «Steinriket Bømlo». Ca. 60 pers. deltok.

Ved arrangementet i kyrkja vart vår omvisar Turid Anglevik tildelt Fortidsminneforeningens heidersnål.



- «Pinse 2014» vart avvikla i strålende sommarvær, men dessverre svikta publikum arrangementet.
- **West Side Story** vart avvikla på flott vis og fekk gode kritikkar, men her var det og litt publikumssvikt.
- Julearrangementet vart avvikla med mykje publikum og godt samarbeid mellom mange organisasjonar.

Kafeteriadrift

Amfikafeen er open i annonsert opningstid og menyen vert utvida litt kvart år. Vikingsodd og rømmegraut er framleis populære tilbod for både individuelle gjester og grupper.

Ved konfirmasjonar, bryllaup og andre feiringar blir selskapsmenyar levert frå cateringfirma. Moster Amfi blir og nytta som møte/konferansestad og me gjennomførte bl.a. eit stort arrangement for Kværner i september med 100 deltakarar frå 13 land.

Det har og som vanleg vore avvikla styremøte, årsmøte, pressekonferansar, firmaturar, julebord og andre selskap. Kafeteriatilbodet er ein svært viktig trivselsfaktor både for publikum og aktørane i dei ymse oppsetjingane, og bidrar etter kvart med ein stor del av totalomsetninga.

Anlegg / Teknisk

Styret har kontinuerlig fokus på forbetringar og i løpet av våren fekk sminkerommet under scenen ei naudsynt ansiktsløfting.

Det vart ved rigg WSS oppdaga råte i søylene langs fjellveggen. Brua er ein del av scenografien i Mostraspelet og må oppgraderast før Mostraspelet 2015.

Opprusting av benkene i uteamfiet, for å betra komforten for publikum, har styret hatt på dagsorden dette året. Aktuelle firma/personar er kontakta for synfaring og forslag til gode løysingar. Prosjektet er stort og er avhengig av ekstern finansiering.


Rekneskap og økonomi

2014 var eit år med stor aktivitet og mange arrangement inne og 3 arrangement vart avvikla i uteamfiet. Omsetninga er auka frå 3 189 349,- i 2013 til 3 233 094,- i 2014. Årsresultatet vart kr. 3 499,- mot kr. 15 997,- i 2013. Kortsiktig gjeld er kr. 345 495,- mot omløpsmidlar på kr. 89 906,-.

Samarbeid

Moster Amfi har mange gode samarbeidspartar:

- Fortidsminneforeningen (kontrakt i høve bruk av Moster gamle kyrkje til omvisingar)
- Bømlo Teater (det vart våren 2013 inngått samarbeidsavtale med Bømlo Teater)
- Kenneth Sivertsen stiftinga (kontrakt i høve administrasjon av Kunstnarboligen etter Kenneth Sivertsen)
- Tora Mostrastong foreininga (jobbar aktivt for å styrka kontakten med foreininga)
- Andre gode samarbeidspartar/støttespelarar er Støttelaget for Moster gamle kyrkje, Moster Sogelag, Gruveprosjektet i Austre Mosterhamn og Moster Grendautval.



Sterke
opplevelingar...

Side 6

Framtidsutsikter

Styret i Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS er optimistiske når det gjeld framtida. Anlegget er godt rusta til å arrangera store oppsetjingar. Me trur at satsinga på den geologiske historia til Bømlo gjennom «Steinriket Bømlo» er med og styrkjer Moster Amfi sin posisjon i reiselivsmarknaden.

Styret har eit særleg fokus på tilrettelegging for pilegrimsreisande og ser dette som eit naturleg satsingsområde framover. Ein er og oppteken av å leggje til rette for at kyrkjelydar kan leggja eit regelmessig trusopplæringstiltak hit, og me held nær kontakt med arbeidet med Kystpilegrimsleden.


Styret arbeidar vidare med planane for ei større markering av 1000 års jubileet for Kristenretten på Moster i 2024.

Styret takkar dagleg leiar og andre tilsette for framifrå utført arbeid og positiv stå-på-vilje.


Mosterhamn, 31.12.14 / 16.02.15


Styret for Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter A/S


Gro Jensen Gjerde


Solfrid S. Stavland


Ola Ermland


Elisabeth E. Tharaldsen


Svein Arne Theodorsen, leiar